

Undervisningsopplegg: Størst og minst

Til læraren: Romanen *Størst og minst* av Erlend Skjetne tek opp eit tema som inviterer til refleksjon og utforsking rundt å vere pårørande og å leve med nedsett funksjonsevne.

Det er knytt aktuelle ressursar til undervisninga, som [bokomtale og intervju med forfattaren](#).

Til opplegget finst det og ein PowerPoint-presentasjon med det viktigaste frå oppgåvene. Presentasjonen kan brukast som støtte undervegs og skape merksemd, engasjement og motivasjon hos elevane.

Rammer:

90 minutt +

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor med høgtalar
- Finne fram utdraget og andre ressursar til inspirasjon
- Skrive- og teiknebok og blyant
- Digitale skrivesaker
- Stolar i halvsirkel ved samtale
- Stolar og pultar ved større skriveoppgåve
- Rom til leik, rørsle og dans

Metodar:

- Nærlesing
- Samtale
- Leik, rørsle og dans
- Skriving

Fleire ressursar:

- [UngFunk](#)
- [Danselaboratoriet \(Instagram\)](#)
- [Moglegheiter og hindringar for kunstnarar med funksjonsnedsetting](#)
- [Paralympic Norway](#)
- [Team Pølsa, NRK](#)
- [Tema funksjonsnedsettelser, NRK Super. Hvordan gjøre det mulige mulig](#)
- [A-laget, NRK](#)
- [Kronikken *Inspirasjonsporno*](#)
- [Kronikken Noe skurrer med "Team Pølsa"](#)

Innhald

FØR

Estetisk inngang: *Saman* av Ólafur Arnalds kan strøymast i klasserommet når elevane kjem inn til undervisning. Vi set oss i ein halvsirkel med analoge skrivesaker.

Fortel at no skal vi utforske eit utdrag frå ungdomsromanen *Størst og minst* av Erlend Skjætnæ.

Les [bokomtale](#).

Samtale

- Kva er ein kropp? Kva er eit menneske?
- Kva er ein pårørande?
- Korleis definerer vi nedsett funksjonsevne?
- Kva er ein stereotypi? Kvifor er det viktig å ikkje generalisere korleis ei bestemt gruppe menneske er? Kvifor er det viktig å kunne ha nokon definisjonar?
- Kva tyder representasjon i kunst, kultur, idrett og media?
 - Kven får vere med (kva menneske og kroppar får vere med i kunst, kultur, idrett og media)?
 - Kven fortel historiene? Er det folk med eigne erfaringar som får uttrykke seg, eller vert dei representerte av andre?

Les [intervjuet](#) med forfattaren.

UNDER

Ver oppmerksamt til stades i lesinga: kognitivt, kroppsleg og sosialt.

Etter prologen, side 8: teikne ei skisse av scena i akebakken. Kva kjensle gir scena deg? Gi teikninga kjensla som tittel.

Etter scena på badet, side 11: skriv tre ord (tankar, assosiasjonar).

Etter scena i drosja, side 13: skriv fire setningar. Ei setning om å bli sett, ei setning om omsorg, ei setning om eigenkjærleik, og ei setning om søskenkjærleik.

Sissel beskriv Åshild som «den vanlege, daglege, alltid nærverande og samstundes fråverande Åshild». Skriv ei setning om kva tid du er nærverande og kva tid du er fråverande.

Undring: Korleis kjennest nærvær og fråvær ut i kroppen og mellom menneske?

ETTER

Samtale

Om å vere pårørande:

- Kven sitt blikk følgjer vi i utdraget?

- Kva livsvilkår opplever de at Sissel lever under? Kva tankar kjem fram hos Sissel?
- Korleis kan vi bidra til helse og livsmeistring for menneske som er pårørande? Stikkord kan vere medkjensle, oppmuntrande ord og handlingar, støttande strukturar i samfunnet.

Funksjonsnedsetting i liv og samfunn:

- Storesøster Åshild har ei nedsett kognitiv funksjonsevne som gjer at ho treng mykje hjelp. Korleis opplever de at ho blir framstilt? Er det realistisk, respektfullt, mangfaldig?
- Kven fortel historiene til dei med nedsett funksjonsevne?
- Korleis kan vi bidra til medborgarskap for menneske med nedsett funksjonsevne? Stikkord kan vere tilgang, verdiar, haldningar og strukturar for eit mangfaldsamfunn.
- Kva levekår og moglegheiter er det for menneske med nedsett funksjonsevne i Noreg?
- Kvifor er det viktig at det er forsking og utvikling for og med menneske med nedsett funksjonsevne? Kven skal kunne sitte med definisjonsmakt og mynde? Kva etiske omsyn må takast i vare?

Funksjonsnedsetting i profesjon, kunst, kultur, idrett og media:

- Kva menneske og kroppar får oftast plass i profesjon, kunst, kultur, idrett og media (heretter omtala som kultur)?
- Korleis blir menneske med nedsett funksjonsevne presenterte i kulturen?
- Opplever de ofte eller sjeldan å bli presenterte for menneske med nedsett funksjonsevne i kulturen? Kor og korleis skjer det?
- Kva skjer når kulturen er prega av prestasjon, det vellukka og ytre verdiar?
- Påstand til samtale: Dersom ein aldri ser menneske med nedsett funksjonsevne personleg, i profesjonar og kultur, kan ein få inntrykk av at desse menneska ikkje høyrer heime blant oss. Når menneske med nedsett funksjonsevne blir synlege og får uttrykke seg på eigne premissar, bidreg det til ein inkluderande representasjon.
- Korleis kan vi inkludere menneske med ulike kroppar og eigenskapar på reelt vis?
- Kva strukturelle moglegheiter har vi for eit meir inkluderande og mangfaldig samfunn?

Om utdraget:

- Kva påverknadskraft tenkjer de at dette utdraget kan gi til lesaren og samfunnet?
- Korleis opplever de å lese om dei menneska iblant oss som er «mest» annleis?

- Kva tillit viser forfattaren den unge lesaren ved å ta opp dette temaet for målgruppa dykker?

Rørsle, leik, improvisasjon og dans

Kroppsleg glede gjennom leik, improvisasjon, rørsle og dans.

Til refleksjon: Kvifor er rørsle og dans verdifullt for menneske? Stikkord er

- Fysisk helse (styrke musklar, ledd og balanse, forebygge livsstilsjukdommar. Halde oppe mobilitet og redusere smerter og ein stiv kropp).
- Psykisk helse og velvære (frigjere endorfin, redusere stress, angst og depresjon. Ei kjensle av meistring og glede, kan styrke sjølvbildet).
- Sosialt fellesskap (samspel, kommunikasjon, tilhørsle. Inkludering på eigne premissar).
- Uttrykk og identitet (uttrykke kjensler, tankar og identitet – også når det verbale språket er avgrensa. Kan gi kunstnarisk utfalding og personleg fridom).
- Kognitiv stimulering (rørsle og rytme stimulerer hjernen og kan betre konsentrasjon, hukommelse og koordinasjon. Dette gjeld også menneske med kognitive utfordringar).
- Tilpassingsmoglegheiter (rørsle og dans kan tilpassast alle funksjonsnivå – sittande, ståande, med hjelpemiddel eller gjennom berøring og rytme. Det er mange metodar og tilnærmingar som gjer det mogleg for alle å delta).

Lag ein rørslekomposisjon/dans der de bruker dykker rørsle, rytme, tempo, takt og dynamikk som uttrykker kroppsleg glede og verekraft (håp og å stå stødig og godt i seg sjølv). La dykk inspirere av rørsler og ro hos kvarandre.

Musikk: *Saudade (When We Are Born)* av Ólafur Arnalds (på repetisjon):

Vi varmar opp kroppen og evna til leik og utfalding to og to gjennom spegling av rørsler. A leier først, så B.

Musikk: *Saman* av Ólafur Arnalds (på repetisjon):

- Saman eller i grupper skal de leike fram variasjonar av rørsler og rørslemåtar hos menneske gjennom spegling. Som lærar er du engasjert og deltagande, og skaper eit trygt rom å utfalte seg i.
- Rør dykk individuelt og saman, fritt og i fast form. Alle skal vere inkluderte. Ver merksame på blikkontakt, energi og å vere til stades.
- Ved hjelp av improvisasjon og rørslemønster lagar de ein komposisjon/koreografi som utgjer ein dans. Øv til dansen sit godt i kroppen og i gruppa.
- De kan velje å framføre for nokon. Lukke til!

Valfri skriveoppgåve på nynorsk (kan gjerast i gruppe).

Skriv ein saktekst om korleis vi kan gi meir tilgang og rom for menneske og pårørande der nedsett funksjonsevne er eit tema. Foto eller illustrasjon kan vere ein del av teksten. Ein saktekst er ein tekst som har som formål å informere, forklare, drøfte eller overtyde. Teksten er bygd opp på ein klar og logisk måte, og her er den vanlege strukturen:

- Overskrift (kort og konsis. Skal gi lesaren eit klart inntrykk av kva teksten handlar om.)
- Innleiinga presenterer temaet og gjer lesaren interessert. Kan innehalde eit spørsmål, eit sitat, ein påstand eller ei kort forklaring.
- I hovuddelen deler du inn i avsnitt, der kvart avsnitt tek for seg eitt poeng ved temaet. Du kan bruke fakta, eksempel, statistikk eller sitat for å støtte poenga dine. I ein drøftande tekst viser du fleire sider av saka og argumenterer for og imot. I ein resonnerande tekst bygger du opp ei logisk tankerekke.
- I avslutninga summerer du hovudpoenga og gir ein konklusjon eller ei oppmoding. I ein drøftande tekst viser du kva du meiner, eller kva som er mest sannsynleg og rimeleg.
- Dersom du har brukt kjelder, skal dei førast opp på ein ryddig måte.

Skriv eit empatisk brev til Sissel der du oppmuntrar ho som pårørande og som eigen person. I forhold til seg sjølv, søster, foreldre, venner, skule og fritid. Foto eller teikning kan vere ein del av brevet. Eit personleg brev har ein struktur som hjelper deg å formidle bodskapen din på ein klar og høfleg måte. Her er ei vanleg oppbygging:

- Overskrift
- Stad og dato, øvst til høgre
- Start med ei passande helsing: kjære, hei ...
- Presenter deg sjølv og forklar kvifor du skriv brevet (du kan fortelje at du har lese bokutdraget). Dette set tonen for resten av brevet.
- I hovuddelen utdjupar du innhaldet. Fortel om det du ønsker å dele (tankar, kjensler, erfaringar og råd). Ver personleg og ærleg, respektfull og tydeleg. Del gjerne opp i avsnitt for å gjøre brevet lett å lese.
- Avslutt med å oppsummere kort, skrive noko hyggeleg eller invitere til vidare brevveksling.
- Avslutt med ei passande helsing: med vennleg helsing, helsing ...
- Namnet ditt.

Boktrailer-konkurranse

Lag ein boktrailer av dette eller eitt av dei andre utdraga i årets tXt-aksjon, send inn klassens beste og bli med i trekkinga av forfattarbesøk eller bokpakker.

Vi deler ut:

- 5 forfattarbesøk hausten 2025 (frist onsdag 15. oktober).
- 5 forfattarbesøk våren 2026 (frist onsdag 18. mars).
- Mange bokpakker

Sjå <https://denboka.no/aktuelt/txt-konkurransen-2025> for meir informasjon.

Kompetanse mål:

Norsk

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i oversettelse fra samiske og andre språk, og reflektere over tekstene formål, innhold, sjangertrekk og virkemidler
- sammenligne og tolke romaner, noveller, lyrikk og andre tekster ut fra historisk kontekst og egen samtid
- utforske og reflektere over hvordan tekster framstiller unges livssituasjon
- bruke kilder på en kritisk måte, markere sitater og vise til kilder på en etterrettelig måte i egne tekster
- bruke fagspråk og argumentere saklig i diskusjoner, samtaler, muntlige presentasjoner og skriftlige framstillinger om norskfaglige og tverrfaglige temaer
- informere, fortelle, argumentere og reflektere i ulike muntlige og skriftlige sjangre og for ulike formål tilpasset mottaker og medium
- skrive tekster med funksjonell tekstbinding og riktig tegnsetting og mestre rettskriving og ordbøyning på hovedmål og sidemål
- uttrykke seg i ulike sjangre og eksperimentere med sjangre på kreative måter

Samfunnsfag

- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskte hendingar

Kroppsøving

- reflektere over korleis ulike framstillingar av kropp i media og samfunnet påverkar bevegelsesaktivitet, kroppsidentitet og sjølvbilete
- anerkjenne ulikskap mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar og inkludere alle, uavhengig av føresetnader